Språkrådet

Kartverket
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
	25/1125-9/KES	03.11.2026

Kinn kommune – eit bygdenamn, eit gardsnamn og nokre avleidde namn – tilråding

Me syner til eit oppstartsbrev som Kartverket skreiv til Kinn kommune 23. oktober i fjor. (Det aktuelle namnesaksnummeret er *2025/193*.)

Me må understreka at det me tek opp i dette brevet, gjeld berre 15 av i alt 57 einskildsaker som var tekne med i den lista som følgde det nemnde brevet frå Kartverket. Frå kommunen er det ikkje så langt komme høyringsfråsegner knytte til resten av dei 57 sakene. (Blant dei er det ei sak som gjeld namnet på ei øy som i dag er SSR-registrert med både *Tollaksøya* og *Nærøya* som namn. I eit svarbrev som kommunen sende til Språkrådet på slutten av fjoråret, står det at «[v]arsel om oppstart og lokal høyring i saka om namnendring Tollaksøya/Nærøya er sendt ut som eiga sak».) (28. oktober i fjor skreiv Kartverket eit nytt oppstartsbrev. Denne gongen var det tale om namnet på bruk 44 på gnr. 55 i Kinn kommune. Dei aktuelle namneformene er her *Høgereina* / *Høgreina* og *Fredheim*. I det siste oppstartsbrevet er den nye saka kalla ei *tilleggssak til namnesak 2025/193*. Òg i denne einkildsaka har det komme éi høyringsfråsegn. Det blir no sendt dykk eit eige tilrådingsbrev i den saka.)

Namn på gnr. 10 i Kinn kommune og aktuelle bruksnamn på same garden

I den lokale høyringa som no er gjennomførd, har det komme inn berre eitt høyringssvar. Det gjeld ei fråsegn frå Botnane og Årebrot grendalag. Der er det ikkje skrive noko om gardsnamnet. (I det avsnittet om bygdenamnsaka som finst lengre nede i dette brevet, står det meir om den innkomne fråsegna).

I SSR er det i dag registrert to namn på denne garden. Det er *Årebrotsvågen* og *Årebrot(et)* (proritert form: *Årebrotet*). Det er eit felles «faktaark» for dei to namna, og dei er der førde opp som *sidestilte namn*. Eitt av dei to namna bør no gjevast statusen som hovudnamn.

I matrikkelutkastet frå 1950 er *Aarebrotsvaagen* registrert som gardsnamn (og som namn på bruka 1 og 6). Òg i matrikkelen frå 1907 er det *Aarebrotsvaagen* som er ført opp som namn på garden. I matrikkelen frå 1838 finn ein same namnet, her med skrivemåten *Aarebrotsvaag*.

Postadresse
Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo

Besøksadresse
Observatoriegata 1 B
NO-0254 Oslo

Sentralbord
+47 22 54 19 50

E-post
post@sprakradet.no

Internett
www.språkrådet.no

Organisasjonsnummer
971 527 404

I Fylkesatlas er det primære namnet ført opp som eit *gardsnamn*, og det er der registrert med uttaleforma /''å:rebrå:t/. Namnet *Årebrot(s)vågen* er ikkje registrert i Fylkesatlas, då korkje som eigedomsnamn eller som naturnamn.

Me meiner det er rettast i denne saka å leggja mest vekt på det som finst i matriklane. Me tilrår at namneforma ***Årebrotsvågen*** blir registrert som *hovudnamn* på garden. Den SSR-registrerte skrivemåten, *Årebrotsvågen* – med genitivs-*s* og bunden artikkel, bør vidareførast. Skrivemåten med genitivs-*s* ser ut til å vera nytta gjennomført når namnet er brukt som eit eigedomsnamn. Det går fram av den namnelista som følgde oppstartsbrevet frå Kartverket, at både det aktuelle naturnamnet (vågnamnet) og nokre andre namn som er avleidde av det primære namnet, av og til er skrivne *med* genitivs-*s* og i andre tilfelle er skrivne *utan* ein slik *s*. Ein må kunna rekna med at det er gardsnamnet som er nytta mest i offentleg samanheng. Det må difor vera rett å sjå at slik at det er skrivemåten med genitivs-*s* som har sterkast tradisjon. Me tilrår at alle avleiingsnamna som det er tale om her, blir skrivne med genitivs-*s*.

Det verkar tilrådeleg å lata ***Årebrot*** bli SSR-registrert som eit undernamn knytt til gnr. 10. Her syner me til det me har nemnt ovom her, om at dette namnet er registrert som eit gardsnamn i Fylkesatlas. Den registrerte uttaleforma er /''å:rebrå:t/, og me tilrår difor at namnet blir skrive ***Årebrot*** i offentleg samanheng. (Når det gjeld skrivemåte utan bunden artikkel, syner me til punkt 2 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. Der står det slik: «Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform og bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen.» Skrivemåten *Årebrot* er blant anna nytta på ØK-bladet AE 085/3.)

Me tilrår at ***Årebrotsvågen*** blir vidareført som offisielt namn på bruka 1, 6 og 14.

Andre namn som er avleidde av namnet *Årebrot*

Dei aktuelle avleiingsnamna som er med på den namnelista som følgjer saka, bør skrivast ***Årebrotsvågen*** (når dette blir brukt om sjølve vågen), ***Årebrotsneset*** (som naturnamnform og adressenamnform), ***Årebrotsfjorden*** og ***Årebrotsodden***. I SSR er den vågen det er tale om her, registrert med *Austre Årebrotsvågen* som ei alternativ namneform. Det er ikkje registrert noko motsvarande namn med forma «Vestre Årebrotsvågen». Det verkar vidare rett å seia det slik at den vågen som er registrert med namneforma *Austre Årebrotsvågen* i tillegg til forma *Årebrotsvågen*, er den største og mest dominerande vågen på garden. Det tykkjest difor vera naturleg å tilrå at ***Årebrotsvågen*** blir ståande som det einaste offisielle namnet på denne staden (det vil seia på den lokaliteten som er førd opp med stadnummeret 190075). Me finn det elles tilrådeleg at namneformene ***Årebrot lykt***, ***Årebrotsneset lanterne*** og ***Årebrotsvågen stong*** blir vidareførde. (Når det sistnemnde namnet er SSR-registrert med forma **Årebrostvågen** [..] (altså med skrivemåten *-brost-*), må dette skuldast ein tastefeil.)

Bygdenamnet

I bygdenamnsaka har det komme inn ei fråsegn frå Botnane og Årebrot grendalag. I fråsegna står det slik: «Botnane og Årebrot grendalag har ikkje endra syn på kva område frå kommunegrensa mellom Kinn og Bremanger ved Husefest i nord til Årebrotsodden i sør, skal ha som bygdenamn. Grendalaget meiner framleis namnet skal vere Årebrot. Vi håpar at det også vert vedtaket Kinn kommune. Og at ein etter det byter namn på kaia, frå Villevik til Årebrot kai.»

Med tilvising til dette og med tanke på det me har skrive ovom her om det primære gardsnamnet, tilrår me at ***Årebrot*** blir nytta som offisiell bygdenamnsform.
Det tykkjest vera rett å seia at kjerneområdet i det aktuelle bygdelaget høyrer til gnr. 10. Me har ingen merknader til framlegget frå kommunen om å lata bygdenamnet gjelda både denne garden og dei næraste gardane i nord, det vil seia at namnet blir nytta om den krinsen som strekkjer seg frå Årebrotsodden til grensa mot Bremanger kommune.
(Skrivemåten *Årebrot* er nytta i fleire samanhengar. Her var i mange år ein skule med namnet *Årebrot skule*. Fylkesarkivet i Vestland ser alt ut til å nytte *Årebrot* som eit uoffisielt bygdenamn. Jamfør blant anna med det som står på nettsida med adressa https://foto.fylkesarkivet.no/foto/index.php?q=512:%C3%85rebrot.)

Brotet og *Brotatjørna*
Det primærnamnet det er tale om her, er knytt til bruk 4 på gnr. 10. Like nordom dette bruket ligg det ei myr med namnet *Brotamyra* og ei tjørn som heiter *Brotatjørna*. Dei munnlege namneformene som er registrerte i Fylkesatlas, er /"brå:tamy:ra/ og /"brå:taKæNa/. Me har ingen merknader til forslaget om å lata det sistnemnde namnet bli SSR-registrert med skrivemåten ***Brotatjørna***. Alt tyder på at *Brotet* er eit gammalt namn på det nemnde bruket. Det matrikkelregistrerte bruksnamnet *Lilleborg* er truleg av nyare dato, og me meiner at det ikkje er tilrådeleg å lata dette vera SSR-registrert som namn på eigedommen. Den føreslegne skrivemåten ***Brotet*** verkar fullt ut tilrådeleg. (Det tykkjest vera uklårt om det er nokon slag samanheng mellom bruksnamnet og etterlekken i namnet *Årebrot*, men det har venteleg ikkje noko å seia i den namnesaka som me har føre oss her.)

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Ålov Runde
konstituert avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS

Kopi til:
Kinn kommune